

Sak til samarbeidsutvala

Går til:	Samarbeidsutvalet for Nordhordland
Dato:	28.mai.2021
Sakshandsamar:	Samarbeidssekretariatet (SSe)
Saka gjeld:	Utfordringar knytt til oppfølging av samarbeidsavtale om inn og utskriving i psykisk helsevern.
Saksnummer:	23/21

Bakgrunn for saka:

Alver kommune har meldt inn utfordringar knytt til oppfølging av [tenesteavtale 3 og 5](#) rus og psykisk helsevern, og tilhøyrande [retningsline for elektronisk meldingsutveksling](#), til Helse Bergen (HB).

Områder som vert trekt fram:

- Kjennskap til avtalen
- Bruk av elektroniske pleie og omsorgsmeldingar (PLO-meldingar)
- Melding av avvik på tvers og oppfølging
- Samarbeidsmøte
- Rutinar for å sikre at faktura for utskrivingsklare pasientar er rett

I Administrativt kontaktmøte (AK) melder leiarane frå dei andre utvala at dette er kjente problemstillingar, og at det meste er knytt til samarbeidet med Psykiatrisk akuttmottak (PAM)

Vurdering og tilråding:

Gjennom [Overordna samarbeidsavtale](#) er partane samd om ansvaret dei har for å gjere avtalane kjent for tilsette.

Tenesteavtale 3 og 5 rus og psykisk helsevern er avtale for inntak i og utskriving frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og vaksne. Avtalen er på mange område lik tenesteavtale 3 og 5 for somatikk, men har nokre skilnader. Ein skilnad er utskrivingsprosessen og tidsfristar for meldingar om utskrivingsklar pasient.

Avtalen gjelder for samhandling:

- *i overgangssituasjoner mellom spesialisthelsetjenesten og kommunens helse-, omsorgs- og sosialtjenester.*
- *når tilbudene fra 1. og 2. linje er gjensidig avhengig av hverandre.*

Ut frå utfordringane meldt frå Alver kommune, tilbakemeldingane frå leiarane i AK og dei erfaringar som no er innhenta frå føretaket, kan det sjå ut som om det er særlege utfordringar knytt til etterleving av avtala for dei pasientane som kjem til og innan kort vert vurdert som klare for utskriving frå Psykiatrisk akuttmottak (PAM).

Forbetring av pasientforløpa for dei aktuelle pasientane krev både kjennskap til og etterleving av avtalar og tilhøyrande retningsliner, samt forståing for særlege utfordringar knytt til samarbeidet om og for dei pasientane som her er løfta fram.

Samarbeidssekretariatet (SSe) har gjort Divisjon psykisk helsevern merksam på tilbakemeldingane frå kommunane. PAM melder at dei i fyrste omgang vil sjå på interne rutinar og på behovet for meir opplæring knytt til etterleving av samarbeidsavtala og tilhøyrande retningsliner.

I den vidare oppfølging av saka blir det viktig å sjå nærare på samarbeidet mellom kommunar og spesialisthelsetenesta, kartlegge aktuelle utfordringsbilde og føreslå tiltak for å betre samarbeidet om aktuelle målgrupper.

SSe tilrår at eit slikt arbeid vert sett i samanheng med arbeidet med etablering av helsefellesskap i føretaksområdet samt i samarbeidet som skal skje knytt til prioriterte pasientgrupper.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek saka til orientering og støttar forslaget om å knytte eit vidare forbetringsarbeid til etablering av helsefellesskap i føretaksområdet samt til arbeidet med prioriterte pasientgrupper.